



Kvinnherad kommune

Rådmannen
Samfunnsutvikling

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

Kvinnherad kommune, Tekniske tenester



Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Christina Nyland Jacobsen	95554272	2012/1732-14		19.10.2016

Utvida frist for sletting av uråderettar i samband med delingssak - 144/229 - Borvika - Kvinnherad kommune

Viser til sak 2012/1732 og førre brev sendt frå oss i denne saka datert 12.10.2016.

Det blei i dette brevet gitt ein frist på 3 veker til å sletta uråderettar hefta på gnr. 144 bnr. 229 for partane, slik at ein ny eigedom kan tinglysast.

Ein av partane kontakta saksbehandlar før dei kunne ha motteke førre informasjonsbrev om frist på 3 veker, og kom med ny informasjon knytt til kvifor dette ikkje var blitt ordna før. Med grunnlag i dette ser vi det rimeleg å setja ein ny frist for sletting av uråderettar på eigedom gnr/bnr 144/229 på – 2 månader – frå dette brevet er å rekna som motteke. Same vilkår vil gjelde som i førre brev. Dersom uråderettane ikkje er sletta innan fristen vert saka avslutta frå vår side. Dersom uråderettane blir sletta innan fristen, vert eigedomen sendt til tinglysing. Eigedomen vil då stå med same grunneigar som avgjevareigedomen(144/229), her; Kvinnherad kommune. Kven som skal overta heimel for ny eigedom etter dette er privatrettsleg og er opp til partane å ordna med i ettertid.

Om de vil kontakta oss vedkomande dette, ver venleg å kontakt Kvinnherad kommune på tlf: 53 48 31 00, be om å få snakka med oppmålingsavdelinga slik at de kjem til rett saksbehandlar. Vis til saksnummer 2012/1732. Underteikna skal snart i permisjon og ein annan saksbehandlar vil overta saka etter dette.

Med helsing

Christina Nyland Jacobsen
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Åse Thorkildsen
Ivar Thorkildsen

Mottakarar:

Kvinnherad kommune,
Tekniske tenester v/Grethe
Sandvik

Eva B.V.O. Thorkildsen Elvikveien 101 3967 STATHELLE